



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Kontakt saksbehandlar
Ørjan Simonsen, 51568905

Uttale til tilleggsutgreiing for villrein ved nye kraftverk i Røldal-Suldalvassdraget

Villreinen sin bruk av isen på Holmavatnet er grundig vurdert i tilleggsutgreiinga, og den konkluderer med at trekk over Holmavatnet og beite på øyane er viktig for villreinen. Isdekking aukar fleksibiliteten i beitebruk og trekkmonster i dette området gjennom vinteren. Tilleggsutgreiinga viser dermed at Holmavatnet er viktigare for villreinen sitt trekkmonster enn det Norconsult sin konsekvensutgreiing frå 2024 har lagt til grunn. Med dette stadfester tilleggsutgreiinga Statsforvaltaren i Rogaland sin bekymring for villreinens bruk og trekk vinterstid over Holmavatnet med ei utbygging av nytt pumpekraftverk Kvanndal 2.

For å få ei robust avgjerd med konklusjonar og avbøtande vilkår som minimerer risiko for vesentleg forverring av viktige funksjonsområder for villreinen i området, trengs det auka kunnskap om isforholda på Holmavatnet med eit eventuelt pumpekraftverk, mellom anna knytt til pumpekraftverket sin effekt på innfrysing av innsjøen i desember.

Statsforvaltaren i Rogaland vil igjen løfte fram vårt forslag om pumpestans i perioden frå desember og ut mars som eit kraftfullt avbøtande tiltak for å redusere den negative konsekvensen av inngrepet slik det nå føreligg.

Statsforvaltaren i Rogaland viser til høyring av tilleggsutgreiing for villrein ved nye kraftverk i Røldal-Suldalvassdraget, motteke i brev frå NVE den 03.11.2025 med lenke til NVE sine heimesider for full tilgang til alle dokumenta. Høyringsfristen er 03.02.2026.

Bakgrunn

NVE hadde i 2024 på høyring Lyse Kraft sine revisjonsdokument for Røldal-Suldal reguleringa. Samstundes med denne høyringa, var også konsesjonsdokumenta for å bygge og drive fem nye kraftverk på høyring. Statsforvaltaren i Rogaland kom med uttale til begge desse sakene. Vi hadde motsegn til bygging av Kvanndal 2 pumpekraftverk.



Kvanndal 2 pumpekraftverket skal nytte fallet mellom Holmavatnet og Kvanndalsfoss. Maksimal pumpekapasitet vil vere 25 m³/s, som kan gje ein auke i vasstanden på inntil 0,25 cm per døgn. I tillegg til dette pumpekraftverket i Rogaland, er det søkt om to pumpekraftverk i Vestland. Dette er Røldal 2 pumpekraftverk og Novle 2 pumpekraftverk.

I tillegg til desse tre pumpekraftverka, er det søkt om bygging av to kraftverk som utnyttar fallet frå Kvanndalsfoss. Det eine er Suldal 2B, som vil utnytte fallet til Suldalsvatnet og gå i parallell med dagens Suldal 2 kraftverk. Det andre er Nordmork, som vil utnytte fallet til Roaldkvamsåna og sikre minstevassføring der.

Denne uttalen må sjåast i samanheng med vår *Uttale med motsegn til høyring av revisjonsdokument for Røldal-Suldal regulering, og bygging av fem nye kraftverk i dei same vassdraga*, datert 30.10.2024.

Vår vurdering

Denne uttalen gjeld for austre grein av konsesjonsområdet knytt til Kvanndal 2 pumpekraftverk og pumping av vatn til Holmavatnet. Det var Kvanndal 2 pumpekraftverk vi hadde motsegn mot i vår uttale frå 2024, og det er dette området vi følger opp i denne uttalen. For vestre grein av konsesjonsområdet, viser vi til Statsforvaltaren i Vestland og Statsforvaltaren i Agder sine uttalar.

Holmavatnet

I tilleggsgutgreiinga, utarbeida av NaturRestaurering, er bruken av isen for villreinen grundig vurdert. Dokumentasjonen byggjer på GPS-data, lokalkunnskap og kunnskap om beiteressursane i området. Det går klart fram at vinterbeite og trekk over Holmavatnet er viktig, og av større betydning for villreinen enn det som blei lagt til grunn i Norconsult sin konsekvensutredning frå 2024. I tilleggsgutgreiinga er endra isforhold på Holmavatnet vist til som mest utslagsgivande for at konsekvens er vurdert til noko negativ. Det står vidare på side 60 at avbøtande tiltak som sikrar farbar is, både for rein og skiløparar, vil føre til at konsekvensgraden kan endrast til ubetydeleg eller i beste fall positiv. Difor er det størst fokus på isforholda på Holmavatnet i vår uttale.

I konsekvensvurderinga står det på side 52 at risikoen for at barrierar oppstår aukar med konsesjonssøkt alternativ, men at det for store delar av vinteren kan oppnåast farbar is gjennom tilpassa køyring av kraftverket. Høg vasstand under innfrysing er andre stader i rapporten nemnt som eit avbøtande tiltak. Eit kunnskapshol i så måte, er pumpekraftverket sin verknad på innfrysinga av Holmavatnet. Her trengs det meir kunnskap.

Samla konsekvens for villrein når det gjeld austre vassdrag er i tilleggsgutgreiinga satt til noko negativ konsekvens ihht. KU-metodikken, men mot middels negativ konsekvens. Dette vil gjere det vanskelegare å nå det nasjonale målet om å betra tilstanden for villreinen i området, og bryt med våre internasjonale plikter. Her vil vi vise til Innstilling 374 S (2023–2024) frå energi og miljøkomiteen om ein forbetra tilstand for villrein, Stortingsmelding 18 (2023–2024) om ein forbetra tilstand for villreinen, og Kvalitetsnormen for villrein (forskrift 23. juni 2020 nr. 1298). Det trengs meir kraftfulle avbøtande tiltak for å redusere den negative konsekvensen av inngrepet enn det som nå føreligg.

Som nemnt i avsnittet over, er samla konsekvens for villrein for austre vassdrag i tilleggsgutgreiinga satt til noko negativ konsekvens ihht. KU-metodikken, men mot middels negativ konsekvens. Å innarbeide forutsetningar om avbøtande tiltak direkte i konsekvensvurderinga er ikkje i tråd med etablert KU-metodikk, og gir etter vårt syn eit feilaktig grunnlag for vidare vurderingar. Vi ser tendensar til at forutsetningar om avbøtande tiltak er innarbeida i tilleggsgutgreiinga sine



konsekvensvurderingar, og vil påpeike at dette kan vere ein svakheit i tilleggsutgreiinga sine konklusjonane som underkommuniserer konsekvensen for villreinen ved omsøkt tiltak. Vi har sjølv, i vår motsegn, opna for at pumpestopp om vinteren kan vere eit avbøtande tiltak som vi er positive til, men det er ikkje rett metodikk å vurdere konsekvens som om dette allereie er avklart. Lyse Kraft har, slik vi ser det, ikkje noko avgrensing i pumpetidspunkt og tilpassa køyring av kraftverket slik konsesjonssøknaden nå føreligg.

Vi kan heller ikkje sjå at tilleggsutgreiinga har teke omsyn til konsekvensane av å måtte flytte dagens kvista skiløyper over Holmavatnet inn på land dersom isforholda ikkje er gode nok til å leggje skiløyper over isen.

Holmavassåna

Beiting og trekk ved Holmavassåna vert vurdert frå side 46 i tilleggsutgreiinga. Vi noterer oss at det i tilleggsutgreiinga står at forholda sør for Holmavassåna er mindre eigna for beiting, men at modell frå NINA og historiske data tyder på at det er eit potensiale for trekk sørover. Kapittelet avsluttar med at det er usikkerheit knytt til korleis reinen vil respondere om Holmavassåna som barriere forsvinner. Her trengs altså meir kunnskap, elles kan ein ikkje rekne Holmavassåna som eit avbøtande tiltak i konsekvensutgreiinga. Vi vurderer at både motstand i terrenget og kvaliteten på vinterbeitet sør for Holmavassåna tilseier at trekket over Holmavatnet, inkludert øyane, er viktigare enn trekket sørover.

Samla belastning

Tilleggsutgreiinga svarer ikkje ut behovet for ytterlegare utgreingar av samla belastning for omsøkte tiltak. Vi legg til grunn at NVE som vedtaksmynde vidare vil gjere ei samla vurdering og avveging etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Konklusjon

Villreinen er i ein kritisk situasjon, og det må kraftfulle tiltak til for å snu den negative utviklinga. For å nå målsetjingane om ei betre tilstand i Setesdal Ryfylke villreinområde, kan NVE ikkje opne opp for tiltak som medfører ytterlegare forverring i villreinområdet. Vi vurderer at tilleggsutgreiinga har styrka kunnskapsgrunnlaget, og ser tydeleg at dagens prosjekt inneber uakseptable negative konsekvensar for villreinen.

Dersom prosjektet kan gjere tilpassingar der ein får med manøvreringsregime for pumpekraftverket som sikrar isforhold som tek vare på villreinens naturlege bruk av beiter og trekkvegar, vil prosjektet kunne gjennomførast i tråd med nasjonale mål og føringar. NVE må gjere ei samla vurdering og avveging etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vi vil igjen løfte fram vårt forslag om pumpestans i perioden frå desember og ut mars som eit kraftfullt avbøtande tiltak.

Statsforvaltaren i Rogaland har hatt møte med Lyse, og vi er glade for at dei nå ser på nye avbøtande tiltak for å betre forholda for villrein.



Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Cathrine Stabel Eltervåg
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Suldal kommune
Rogaland fylkeskommune
Statsforvalteren i Agder
Statsforvalteren i Vestland
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Eidsvegen 7	4230	Sand
Postboks 130	4001	Stavanger
Postboks 504	4804	ARENDAL
Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Postboks 2076	3103	TØNSBERG